

 Internettside - Patologi og Akkreditering	
Informasjon	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Laboratorieklinikken/Avd. for patologi	Dok.ID: D72811
Forfatter: Valborg Dommersnes	Versjon: 1.00/24.07.2023
Dok. eier: Wik, Elisabeth	Gyldig til: 24.07.2024
Dok. ansvarlig: Valborg Dommersnes	

Endringslogg:

Versjon	Endringer i forhold til forrige versjon
1.00	Nytt dokument.

Endringsloggen blir oppdatert automatisk. Endringer skal kun legges inn i merknadsfeltet i dokumentvinduet i EK.

Formål

Skildring av dei ulike fagområda er lagt inn i EK for å få ein strukturert og regelmessig gjennomgang av innhaldet på internettsida til Avdeling for patologi.

Teksten nedanfor er klipt ut frå nettsida til Avdeling for patologi iht kapittelstrukturen på nettsida.

Patologi

Patologi er læra om sjukdommane sine årsaker, utviklingsmekanismer og verknad på funksjonar (patofysiologi) og struktur (patologisk anatomi).

Avdeling for patologi ved Haukeland universitetssjukehus tar hand om diagnostikk, utviklingsarbeid, forskning og utdanning av spesialistar i patologi. Avdelinga er ei av de største patologiavdelingane i landet. Universitetsseininga arbeider med forskning og undervising.

Les meir om Patologi

Avdeling for patologi, Gades institutt er knytt til Haukeland universitetssjukehus og Universitetet i Bergen.

Akkreditering



Avdelinga blei akkreditert den 19.10.2019 av Norsk akkreditering etter NS-EN ISO 15189: 2012 Medisinske laboratorier, krav til kvalitet og kompetanse. Registreringsnummeret for akkrediteringsomfanget er Test 307.

Akkreditering inneber at avdelinga sine produkt og tenester må oppfylle definerte krav til kvalitet og kompetanse, samt ha eit system for å overvake og dokumentere at krava blir tilfredstilte.

Standarden er spesielt tilpassa medisinske laboratorium og omfattar heile prøveprosessen, frå rekvirering, prøvetaking, prøvehandtering, analysering til svrapportering, rådgiving og tolking. Det blir også sett spesifikke krav til intern kvalitetskontroll og deltaking i ekstern kvalitetskontroll.

[Omfanget av akkrediteringa kan du lese i akkrediteringsdokumentet vårt Test 307.](#)



Seksjon for autopsi blei akkreditert den 01.02.2019 av Norsk akkreditering etter NS-EN ISO/IEC 17020:2012, Samsvarsvurdering - Krav til drift av ulike typer inspeksjonsorganer. Registreringsnummeret er INSP 065.

Seksjon for autopsi er akkreditert som inspeksjonsorgan type C – teneste.

NS-EN ISO/IEC 17020:2012 stiller særskilte krav til upartiskheit og uavhengigheit, konfidensialitet, personell, utstyr, inspeksjonsmetodar, handtering av prøvar/objekt for inspeksjon, inspeksjonsrapportar og krav til styringssystemet.

Akkrediteringa gjeld ikkje rettsmedisinske obduksjonar.

[Omfanget av akkrediteringa kan du lese i akkrediteringsdokumentet vårt Insp 065.](#)